

Arkivnr: 2017/815-34

Saksbehandlar: Hanne Espe

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

**Klage på vedtak om arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap****Samandrag**

Hordaland fylkeskommune mottok ein klage datert 25.5.2017 frå Hardanger BTK, på vedtak i sak om søknader om arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap PS 38/2017.

Det vart søkt om tilskot til senior NM i bordtennis 2017, og søknaden fekk avslag etter handsaming i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 22.03.2017 og Fylkesutvalet 30.03.2017.

Klagar har sendt inn klage i to punkt;

1) **Argumentasjonen frå fylket:** «Fylkesutvalet legg vekt på at det vert søkt om støtte til annonsering og at slik støtte ikkje vert gitt.» Me søkte ikkje støtte til annonsering. Det stod ingenting om dette i søknaden, og me kan difor ikkje godta avslaget. Dersom fylkeskommunen ikkje vil gje oss støtte, må dei kome med ein annan grunn. Me gav fylkeskommunen tilbodet om å få til dømes annonse i programmet til NM, men det er noko heilt anna enn å søkja om støtte til annonsering.

2) **Lik handsaming.** Hordaland Fylkeskommune har gjeve 25 000,- i støtte til Strandebarm IL sitt NM i terrengløp. I vedtaket heiter det: «Fylkesutvalet legg vekt på at dette er det tredje Norgesmeisterskap Strandebarm IL arrangerer som viser tillit som arrangør. Løypestraseen er publikumsvenleg med god utsikt. Arrangementet bidreg til rekruttering både innan idretten og innanfor arrangementskompetanse.» Alle argumenta for å gje støtte til NM i terrengløp gjeld også NM i bordtennis. Me arrangerte også NM for tredje gong. I tillegg har me vore medarrangør av fleire NM. Me hadde eit publikumsvenleg arrangement, og arrangementet bidrog både til rekruttering innan idretten og innanfor arrangementskompetanse. Slik me ser det er det ingen grunn til å handsama søknadane for dei to arrangementa ulikt. Me viser elles til at Kvam herad gav lik støtte til NM i bordtennis og NM i terrengløp. Me meiner det einaste rette er at fylkeskommunen gjer det same.

Svar på punkt 1)

I søknaden frå klubben vart det ikkje spesifisert søknadssum eller presentert ein finansieringsplan som viser eit evt. tilskot frå fylkeskommunen. Søknaden var formulert i ein enkel e-post og inneheldt ingen opplysningar i tal verken i høve økonomi eller deltaking, noko som bør ligge til grunn for ein kvar søknad om tilskot til arrangement. Det vert derimot vist til vedlagt sponsorførespurnad. I vedlegget finn ein noko meir informasjon om sjølve arrangementet, i følgje med ei oversikt over prisar for annonsering. Søknaden vart difor vurdert til å vere ein søknad om å løyve midlar til annonsering. Det vert ikkje løyvd midlar til annonsering.

Svar på punkt 2)

Etter at saka vart sendt til handsaming kom det tilbakemelding på Kvam herad hadde løyvd kr. 15.000 til dette arrangementet. Det same vart løyvd til NM i terrengløp i Strandebarm. Det vart innhenta noko ekstra opplysningar i forkant av handsaming om sjølve arrangementet, for å få meir informasjon til den politiske saka. Dei to arrangementa kan på mange måtar samanliknast. Vurderinga om avslag er gjort på bakgrunn av at søknaden var mangelfull i høve budsjett og finansiering, og at det berre var vedlagt sponsorbrev og difor oppfatta som ein søknad tilskot til sponsing/annonsering.

Søknaden frå Hardanger BTK, den politiske saka frå mars og klagen på vedtaket er knytt til som vedlegg i denne saka.

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet opprettheld tidlegare vedtak om avslag på søknad om støtte til senior NM i bordtennis 2017. Vurderinga vert utvida med følgjande tekst: Søknaden er mangelfull i høve presisering av økonomi og finansiering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.08.2017**

Fylkesrådmannen ser at det får uheldige konsekvensar for innhaldet i søknadane når det vert opna for å handsame søknader som ikkje er omsøkt i skjema og etter oppsette fristar. Det bør likevel ligge ei forventning om at søknader som kjem inn skal innehalde grunnleggande informasjon for å kunne vurderast. Sakshandsamar kan i visse høve ta kontakt med søker for å innhente informasjon, men det er søker sitt ansvar at informasjonen i innsendt søknad er relevant og tilstrekkeleg.